

Hordaland Mållag
Kong Oscars gate 15
5017 Bergen
hordaland@maallag.no

Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 Oslo
post@sprakradet.no

Vinmonopolet
Postboks 6953 St. Olavs plass
0130 Oslo
kundesenter@vinmonopolet.no

Bergen, 18. september 2018

Klage: Vinmonopolet bryt *lov om målbruk i offentleg teneste* med utlysning på bokmål av ei ledig stilling i butikkane i Knarvik og på Radøy

På <https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/stilling/157451/ekstrahjelp> og på heimesida <https://www.vinmonopolet.no/> lyser Vinmonopolet ut ei ledig stilling som ekstrahjelp i butikkane i Knarvik (Lindås kommune) og på Radøy (Radøy kommune). Lysinga er på bokmål. Sjå lysinga i vedlegget til dette brevet.

I og om butikkane sine skal Vinmonopolet nytta det offentlege skriftmålet som vertskommunen brukar. Det går fram av *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). I vinmonopolbutikkane i Lindås kommune og Radøy kommune skal Vinmonopolet bruka nynorsk, fordi Lindås og Radøy er nynorskkommunar. Det gjeld òg i annonsar om desse butikkane, til dømes stillingsutlysingar.

Difor er stillingsutlysinga som dette klagebrevet gjeld, ikkje i tråd med målbruksreglane.

Klage til Språkrådet

Hordaland Mållag klagar med dette til Språkrådet på at Vinmonopolet har brote mållova med stillingsutlysinga på bokmål om butikkane i Knarvik og på Radøy.

Me bed Språkrådet opplysa Vinmonopolet om målbruksreglane som gjeld for vinmonopolbutikker i dei einskilde kommunane.

Etter det Hordaland Mållag veit, skal skiltinga i vinmonopolbutikker i nynorskkommunar vera på nynorsk. På nettsidene <https://www.vinmonopolet.no/store/156> (Knarvik vinmonopol) og <https://www.vinmonopolet.no/vmp/store-finder?showStoreLocator=1&q=rad%C3%B8y> (Radøy vinmonopol) er omtalen av vinmonopolbutikkane i nynorske Lindås og Radøy kommunar på bokmål.

Hordaland Mållag går ut frå at skiltinga i butikkane skal vera på nynorsk og at nettsidene om dei skal vera på nynorsk. Me bed om ei vurdering frå Språkrådet av det.

Spørsmål til Vinmonopolet

Korleis sikrar Vinmonopolet at målbruken i og om butikkane dykkar i nynorskkommunar, er på nynorsk?

Spørsmålet gjeld skiltinga i desse butikkane, nettsidene som gjeld desse butikkane og lysingane som omtalar desse butikkane.

Er til dømes skiltinga i butikkane i Knarvik og Radøy på nynorsk?

Med helsing

Hordaland Mållag
ved Erlend Bakke,
ansvarleg for mållovsaker

Kopi: Hordaland Mållag ved prosjektmedarbeidar Live Havro Bjørnstad, Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Lindås kommune, Lindås Mållag ved leiar Edit Jørgenvik, Noregs Mållag, Radøy kommune og Radøy Mållag ved leiar Geir Olav Repål